

Opplæringskontoret for prosess og mekanisk industri



proaktiv

Havyard Leirvik
Meir side 3

BIS Production Partner
Meir side 6

Intervju Ørjan Øvstetun
Meir side 6

DETTE ER PRO



Kunnskapsminister Kristin Halvorsen oppmodar:

- Ta fagutdanning - norsk industri treng deg!

Kunnskapsminister Kristin Halvorsen er heilt tydeleg på at det er framtidsretta å ta ei fagutdanning, også i ei tid der norsk industri har sterk konkurranse med utlandet. I dette intervjuet med PRO Aktiv kjem ho med gode råd til dei som vurderer å ta ei fagutdanning.

- Det er mykje "mas" frå foreldre og samfunnet elles at det er viktig å få seg ei utdanning og å lære seg eit yrke. Det å vere lærling i ei industribedrift er ein av måtane ein raskt kan få erfaring og kome seg inn i yrkeslivet på. Men vi høyrer stadig i media om industribedrifter som legg ned eller som flyttar produksjonen til utlandet der det er billigare arbeidskraft, til dømes Kina og Aust-Europa. Meiner kunnskapsministeren det likevel vil vere framtidsretta for norsk ungdom å velje ei fagutdanning med lærlingsplass?

- Vi veit at det framleis vil vere god bruk for kompetent arbeidskraft i industrien. Ei framskrivning som SSB har gjort syner at det vil bli bruk for fleire med fagbrev innafor elektronikk, mekaniske fag og maskinfag. Stadig fleire av oppgåvene i industrien krev at dei tilsette

for. Det er dei som avbryt vidaregåande opplæring vi vil ha mindre bruk for framover. Det er viktig at dei unge fullfører ei utdanning, ikkje kva for utdanning det er. Ny GIV er ei ny satsing som tar sikte på å få fleire til å gjennomføre vidaregåande opplæring.

- Kva er ditt råd til ungdommar



GIR RÅD: Kunnskapsminister Kristin Halvorsen seier at det er viktig å utnytte tida på skulen godt for å finne ut kva ein ønskjer å gjere, og å leggje grunnlaget for å bli attraktiv for lærebedriftene. Lite fråvær er eitt av stikkorda for å bli likt av dei som vurderer læringsøknadane. (Pressefoto frå Kunnskapsdepartementet.)

har god fagleg kompetanse. Derfor er det viktig at flest mogleg tar fagbrev og at ein del tar vidare fagutdanning, til dømes på fagskule eller gjennom bransjespesifikke kurs. Eg er opptatt av å få fram at også dei som vel ei fagutdanning, har kompetanse som vi har god bruk for i framtida. Å velje fagutdanning er å velje framtidsretta.

- I politikken er det mykje snakk om at vi må forbetre utdanningsnivået i Norge, og i Sogn og Fjordane vert det stadig teke til orde for at vi må få fleire kompetansesarbeidsplassar. Korleis vurderer kunnskapsministeren viktigheita av lærlingar i industrien i forhold til dei som søker seg direkte til høgskular og universitet?

- Både dei som søker seg til høgare utdanning på høgskular og universitet og dei som vel fagutdanning har vi god bruk

som vurderer å få seg ei fagutdanning og ein lærlingsplass?

- Mitt råd er å velje ei fagutdanning dersom det er det du har lyst til. Ei fagutdanning er ei fullverdig utdanning med mange spennande moglegheiter for å få jobb. Vi treng mange med fagbrev i tida framover. Bruk dei høva som byr seg på skulen og i prosjekt til fordjuping til å gjere deg kjent med dei ulike faga og med arbeidsgivarar, og spør om råd. Hugs at mange lærebedrifter ser på elevane sitt fråvær når dei skal velje ut lærlingar.

- Tett kontakt er nøkkelen til suksess

Personalsjef Geir Nordnes ved Norsun i Årdal tek utfordringar på strak arm. Her svarer han på kvifor det er smart å bruke PRO i arbeidet med lærlingar.

– Tett oppfølging og faste kontaktpersonar både i bedrift og PRO er nøkkelen til suksess når det gjeld lærlingar, slår han fast.

Avgjerande med felles informasjon

Han treng ingen tenkjepause for å svare på kvifor det er viktig å rekruttere felles, og kva verdi dei har av samarbeidet med PRO-opplæringskontoret.

– Felles informasjon er viktig for både bedrift og lærling. Føreseieleg og god kontakt er avgjerande for begge partar. PRO har etablert måtar å rekruttere og utvikle samarbeidet mellom lærlingar og bedrifter over lang tid. Dei har samla seg nyttig og viktig kunnskap som kjem partane til gode, seier personalsjefen ved fabrikk som sel wafere som sidan blir foredla vidare til solceller.

Norsun byggjer på ny teknologi, som i tillegg er miljøvenleg. Det er element som kling positivt i øyro på folk flest. Dei har difor ikkje problem med å skaffe seg tilsette – eller lærlingar.



Personalsjef Geir Nordnes ved Norsun i Årdal fortel kvifor det er smart å bruke PRO.

FAKTA: NORSUN:

- Norsun har avdelingar i Norge, Finland og Singapore
- Fabrikk i Årdal opna i 2008
- Dei rundt 220 tilsette produserer monokrystalinske silisiumwafere til solcelleindustrien
- Dei har 7 lærlingar innafor automatikk, industrimekanikk og kjemiprosess

Lærer noko nytt – kvar dag

– Kor mange er det som kan seie det om arbeidsplassen sin?

– Kva skulle eg ha gjort utan fagutdanninga, spør årdølen Rod Al Jay Tugade Jorgio.

– Verdien av å ta fagutdanning er kjempeviktig for meg. Eg lærer noko nytt kvar dag, seier han og er svært nøgd med måten NorSun i Årdal har teke imot han som lærling. – Eg nyttar gjerne anledninga til å takke PRO for at dei tek initiativ til å hjelpe oss med lærlingtida vår, legg han til.

Likestilt med operatørane

– Arbeidsdagen min er nesten den same som dei faste operatørane. For at eg skal lære mest mogeleg om prosessen innafor produksjon, får eg gjere det

same arbeidet som dei. Dersom det er noko eg ikkje skjønner innafor teoretisk eller fysisk arbeid, tek dei seg alltid tid til å forklare meg. Det set eg stor pris på, seier 18-åringen som kom til Norge frå Filipinene for 10 år sidan.

Ingeniørtittelen er målet

Etter åtte år på Tangen skule, gjekk vegen vidare til Teknisk Industriell Produksjon ved Øvre Årdal vidaregåande skule. Det

andre året hadde han kjemi prosess på timeplanen.

– Å vere lærling er ikkje berre - berre, det er stadig noko nytt. Eg får mykje kunnskap som er avgjerande når eg skal ta fagbrev, seier han som ønskjer å gå vidare på ingeniørskule etter at fagbrevet er i boks.

Lærling ved NorSun, Rod Al Jay Tugade Jorgio, slepp til på alle maskinene som dei fast tilsette. Utfordrande, og spennande. (Foto: Privat)



UTGJEVAR:

Opplæringskontoret for prosess og mekanisk industri.

FORMÅL:

Denne informasjonen er tilrettelagt for medlemsbedriftene og andre som direkte eller indirekte er involvert i PRO sitt arbeid.

PRO ynskjer å vere best på utdanning av fagarbeidarar i "våre" fag spesielt og fagopp-læring generelt.

PRO skal rekruttere lærlingar til medlemsbedriftene i tråd med bedriftene sine behov for fagarbeidarar, i samsvar med bedriftene sine strategiar. PRO skal vere eit fleksibelt opplæringskontor i kontinuerleg utvikling for å tilpasse seg bedriftene sine behov.

ADRESSE:

Concordbygget
Firdavegen 6
Postboks 492, 6803 Førde
Telefon: (+47)57 83 22 60
Telefax: (+47)57 83 22 45
www.pro.sf.no

PRO:

Jorunn Eide Kirketeig
dagleg leiar / director
jorunn.kirketeig@pro.sf.no
Mob. (+47) 911 44 966

Wenche Tollefsen,
administrasjonssekretær
wenche.tollefsen@pro.sf.no
Mob. (+47) 924 23 782

Jan Erik Øygard
Opplæringskonsulent
jan.erik.oeygard@pro.sf.no
Mob. (+47) 469 12 151

Ajdin Bahonjic
Lærling – kontor og administrasjon
ajdin.bahonjic@pro.sf.no
Mob. (+47) 913 35 542

ANSVARLEG REDAKTØR:

Jorunn Eide Kirketeig
dagleg leiar / director
jorunn.kirketeig@pro.sf.no
Mob. (+47) 911 44 966

REPORTASJE OG FOTO:

Arild Nybø (Mediebruket)
Oddrun Midtbø (Frlansjournalist)

GRAFISK PRODUKSJON:

Eko-Trykk AS, post@ekotrykk.no

Bli lærling i Leirvik!

– Vi er stadig på leit etter lærlingar, seier verftsdirektør Bente Nesse ved Havyard Leirvik. Ho ønskjer teknologiinteressert ungdom velkomne som lærlingar innan fleire spesialiserte fagområde.

På Havyard Leirvik AS spesialiserer ein seg spesielt på bygging og utrusting av spesialfartøy og isbrytarar. Skipsverftet sysselset fleire hundre personar i ulike funksjonar og har full drift i produksjonen. Gode utsikter i marknaden gir grunn til optimisme for framtida, noko som gir utfordringar i høve rekruttering.

– Våre fagarbeidarar har høg teknisk kompetanse og eit stort engasjement i høve å løyse oppgåvene på best moglege måte for våre kundar. Det same gjeld for lærlingane våre, seier Nesse.

Å vere fagarbeidar i dagens industri set store krav til den enkelte. Utviklinga har gått frå tungt og krevjande kroppsarbeid til komplekse tekniske utfordringar der ein gjer seg bruk av moderne teknologi og utstyr. Skipsindustrien møter heile tida strenge kvalitetskrav frå reiarlaga, med klåre krav og forventingar til alle delar av ein byggeprosess.

Tek inn lærlingar kvart år

På verftet i Leirvik tek dei inn lærlingar kvart år, noko dei ser på som ein vinn-vinn-situasjon for både bedrifta og den enkelte lærlingen.

– Hos oss får lærlingen utfordrande arbeidsoppgåver, tillit og gode moglegheiter til å utvikle seg innan faget sitt. Attende får vi lærevillige og engasjerte fagarbeidarar med eit ønskje om å tilføre verdi i produksjonskjeda, seier Nesse. Det er spesielt innan fagområda platearbeidar-, industrimekanikar og industrirørlegging behovet og inntaket er størst. I tillegg tek dei også inn lærlingar innan elektro og evt. andre relevante fagområde.

Tillit og utfordrande oppgåver er, i tillegg til eit godt gjennomføringsprogram i nært samarbeid med PRO, eitt av verkemidla verksemda brukar for å få behalde kompetansen på skipsverftet også etter at læretida er over. Og medlemskapen i PRO Sogn og Fjordane er ei vesentleg årsak til at dei satsar så sterkt på å rekruttere arbeidskraft gjennom lærlingeordninga.

– PRO tek store delar av det administrative og koordinerande arbeidet i høve opplæringa, noko som inneber føremoner for både lærlingen og

oss. Vi får god hjelp til den praktiske gjennomføringa, medan lærlingen kjem inn i eit system der han vert inkludert i eit fellesskap med lærlingar over heile fylket. Vi på vår side hadde ikkje kunna følgje opp lærlingane på same gode måte utan samarbeidet med PRO, seier Bente Nesse.

Legg forholda til rette

Bedrifta betalar løn og forsikringar i høve faste avtaleverk, og lærlingen går slik sett inn i produksjonen på vanleg måte. Einaste forskjellen er at lærlingen er del av eit opplæringsprogram og dermed under rettleiing frå dei faste fagarbeidarane ved verftet.

Ved Havyard Leirvik ser dei verdien av å legge tilhøva til rette for dei som vil pendle til arbeid i Leirvik. Dei har difor gått inn med delvis subsidiering av hyblar/bustader for dei som treng dette. I tillegg vil Havyard også kunne hjelpe til med å kome i kontakt med huseigarar og andre aktørar i den lokale bustadmarknaden.

Stipendordningar

Etter fullført fagbrev og nokre års praksis kan fagarbeidarar søkje om utdanningsstipend, og det er då spesielt høgare tek-



nisk høgskule-/universitetskompetanse som er mest interessant for bedrifta å skaffe seg.

– Vi ser på lærlingeordninga som ein god måte å sikre framtidig kompetanse i bedrifta, ikkje berre med tanke på å skaffe fleire faglærte produksjonsarbeidarar, men også med tanke på rekruttering av m.a. ingeniørkompetanse. Dei som har gått ”den praktiske vegen” fram mot ei høgskule-/universitetsutdanning innan dei tekniske faga er svært attraktive for oss, avsluttar Bente Nesse og oppmodar dermed teknisk interessert ungdom til å vurdere ei karriere i skipsindustrien.

FAKTA:

- Skipsverftet i Leirvik er del av konsernet Havyard Group, eit internasjonalt maritimt retta konsern med aktivitetar og dotterselskap i både inn- og utland.
- I Sogn og Fjordane er verksemda organisert med om lag 130 tilsette i Havyard Leirvik og om lag 30 i Havyard Elektro. I tillegg syter aktivitetane ved Havyard-einingane for at ytterlegare 200-300 vert sysselsette hjå underleverandørar.
- Ordretilgangen er god og veksande, med ordrar fram til sommaren 2012, noko som er eit godt tidsperspektiv i bransjen.
- Marknaden er på vegoppover og ein har hatt eitt godt økonomisk resultat i 2010.

Kjelde: Bente Nesse



BIS Production Partner

rekrutterer gjennom lærlingordning

– Hadde vi ikkje hatt så tett og godt samarbeid med PRO opplæringskontor når det gjeld lærlingordninga, måtte vi ha tilsett folk til den jobben, seier personalsjef ved BIS PP Vest, Ingvar Stadheim.

Stadheim understrekar at lærlingordninga er ein god kanal når det gjeld rekruttering av fagarbeidarar innafor fagområda industrimekanikar, platefaget, elektrikarfaget og automatisering.

Får prøve seg på alle område

– Det blir utarbeida hospiteringsplanar, slik at lærlingane får prøve seg på alle avdelingane, opplyser Per Åge Bueie, som er tilsett som HMS/kvalitetsansvarleg og har arbeidd i BIS sidan overdraginga april 2010.

– Vi har god erfaring med lærlingane, og er nøgde med den

*Lærlingane får prøve seg på alle avdelingar innafor BIS Production Partner – også hospitering i Tyskland, om dei vil.
(Foto: Vegard Firmland)*

faglege oppfølginga frå PRO. Dei fleste ønskjer vidareutdanning (teknisk fagskule) etter fullført lærekontrakt. Vi har i dag to fast tilsette som er ute i studiepermisjon, og ein som er fast tilsett som mekanikar, fortel Bueie.

Internasjonalt selskap

Hydro Production Partner starta i 2000. Åtte år etter vart bedrifta seld til det tyske firmaet Bilfinger Berger Industrial Services (BIS), og er no eit selskap med avdelingar over heile verda.

– Vi lever i ei internasjonal verd, og hospiteringsordninga vi har med Tyskland er svært nyttig, konstaterer Stadheim. – Det er nyttig for alle parter; våre lærlingar får prøve seg ute i verda, og dei tyske lærlingane kan bringe med nye tankar og inspirasjon til oss.

– I utgangspunktet rekrutterer vi lærlingane våre lokalt. Målet er at fleire skal kvalifisere til fast tilsetjing, når dei er ferdig med utdanninga, seier han. I dag har bedrifta fem tilsette som har fullført lærlingkontrak-

FAKTA:

BIS PRODUCTION PARTNER:

- er leverandør av ulike tenester innafor prosess- og energiindustrien
 - dei har 15 lærlingar innafor elektro, industrimekanikk og platearbeid, fordelt på Svelgen, Høyanger og Årdal
 - rundt 300 tilsette i fylket, 2.300 i landet og 23.000 internasjonalt
 - lokalisert på 17 stader i Norge, 9 i Sverige og 3 stader i Finland
 - ønskjer å ha aktivitet i alle dei nordiske landa innan tre år
 - omsetnad i 2009 var på to milliardar kroner
- www.bisproductionpartner.com

ten. Det er tre industrimekanikarar, og to som er komne attende etter teknisk fagskule. Ein er no tilsett som avdelingsleiar på elektroavdelinga, og ein annan er tilsett som leiar for prosjekt/ingeniøravdelinga.



Kystbyen treng stadig fleire arbeidrarar for å forsyne Nordsjøen



Ordfører Bente Frøyen Steindal er svært oppteken av at både Flora kommune og bedriftene må dra lasset i lag i høve næringsutviklinga.

Med stadig aukande aktivitet og nye industriverksemder på trappene er årets nestbeste næringskommune klar til å ta i mot nye arbeidstakarar og familiane deira.

Ei rekkje offshorerelaterte verksemder og oljeselskap har tilhald i Flora kommune, og då spesielt i tilknytning til aktivitetane på Fjord Base, der m.a. både Hydro og Statoil har stor aktivitet ut frå Botnaneset. Med moderne havnetenester ligg også forholda godt til rette for å vidareutvikle Flora som den naturlege havna for inn- og utskipping av varer til heile Sogn og Fjordane.

Ordfører Bente Frøyen Steindal er svært oppteken av at både Flora kommune og bedriftene må dra lasset i lag i høve næringsutviklinga. Difor er næringsarbeidet også organisert i eit eige selskap, Sunnfjord 2020, som koordinerer det utadretta næringsarbeidet på vegner av næringslivet og kommunen.

– Vi ser Flora også som ein del av eit større fellesskap i Sunnfjord og vidare oppover

kysten. Dette styrkjer både oss og samarbeidspartnarane våre, noko som til sist sikrar arbeidsplassar, seier ho.

Jamn utbygging – med kommunen som medspelar

Sidan oppstarten av basen på midten av 80-talet har industri- og offshoraktiviteten i kystkommunen auka jamt og trutt, og behovet for stadig meir næringsareal på basen har til no resultert i eit planert næringsareal på over 600 mål.

– Flora kommune har lagt til rette for arealutviklinga på basen. I tillegg skal vi også syte føre at der finst tilgjengeleg næringsareal også andre stader i kommunen, ei oppgåve vi tek svært alvorleg, seier Frøyen Steindal.

Ho ser dette i ein klar samanheng med nyetableringar og tilflytting. Utan nok og ikkje minst tenleg næringsareal tilgjengeleg, vil Flora fort tape kampen om nyetableringar og tilflytting.

Styrke fagmiljø lokkar

Det er spesielt dei offshorerelaterte aktivitetane i og kring

fjordbasen som er bakgrunnen for at kystkommunen no markerer seg som ein industri- og næringskommune i sterk vekst, med både eksisterande og nye spennande kompetansearbeidsplassar som resultat.

Op med arbeidsplassane kjem fagmiljøa, noko som i seg sjølv er attraktivt for personar med god kompetanse og utdanning. Dei mange industri- og teknologibedriftene på basen og elles i kommunen har dermed stadig trong for kvalifisert arbeidskraft; både tradisjonelt faglært og høgskuleutdanna personell. Og behovet vil auke i åra framover.

Kommunale tenester viktig

Dette utfordrar kommunen også på andre område enn tilrettelegging av næringsareal og eit godt næringsarbeid elles:

– Skal vi vere ein attraktiv kommune å bu i og flytte til er det ei rekkje ting som må vere på plass. Vi må ha høg kvalitet på dei kommunale tenestene våre. Til dømes bustadareal, barnehageplassar og gode skular og ei god helseteneste. I tillegg har

vi også eit ansvar for å leggje til rette for auka bustadbygging. Ordføreren understrekar at kommunen har tomteland, og at ulike private aktørar til stadigheit byggjer husvære i ulike storleikar og prisklassar. Slik håpar ho at ein også skal klare å halde bustadprisane i kommunesenteret på eit akseptabelt nivå.

Fleire kompetansearbeidsplassar i offshorerelatert verksemd krev også tilgang på andre typar arbeidsplassar, og kommunen ser at det vil verte behov for attraktive arbeidsplassar til ektefeller og sambuarar. Her har ein mange moglegheiter, både innanfor offentleg og privat sektor, meiner ordføreren.

– Vi vil svært gjerne ha tilflyttarar med, eller planar om, familie. Det skal vere attraktivt å flytte til Flora, avsluttar Bente Frøyen Steindal.



PRO - ein god hjelpar på veggen

– Eg hadde aldri kome så langt utan PRO Opplæringskontoret, seier årdølen Ørjan Øvstetun. Frå 2004 og fram til i dag har han rukke to fagbrev, førstegongsteneste og snart fullført ingeniørutdanning.

Øvstetun (24) avsluttar komande sommar ei treårig ingeniørutdanning ved høgskulen i Telemark. Han får då dermed tittelen Ingeniør i gass- og energiteknologi, som er ein del av opplæringsløpet Y-VEI.

– Eg er oppvaksen på Tangen i Årdal kommune og det var då naturleg å slå inn på ein yrkesveg på den lokale karbonfabrikken. Eg skaffa meg difor lærekontrakt i prosessfaget, eit løp på to år med jobbing og opplæring i produksjonen, seier han. Som lærling er ein i ein kontinuerleg arbeids- og opplæringsfase på godt og vondt. Ein vert rettleia av erfarne fagarbeidarar når det kjem til det praktiske, men i tillegg er det også mykje anna som skal ordnast og koordinerast.

– Jobben som lærling er i seg sjølv krevjande; ein vert del av systemet og kollegiet i produksjonen. Eg er temmeleg målmedviten og veit kva eg vil, så det var veldig viktig for meg å få gjennomført på normert tid, seier Øvstetun.

Hjelp til gjennomføring..

Det er i følge Øvstetun nett opp i høve gjennomføring arbeidet til PRO Opplæringskontoret spelar ei så viktig rolle.

– PRO hjalp meg med gjennomføringa. Dei følgde meg opp heile tida, og sytte føre at eg følgde den progresjonen som var lagt opp. Og ikkje minst passa dei på at alt gjekk etter boka. Heilt fram til fagprøva var gjennomført og bestått, seier han.

..og vidareutvikling

Etter å ha avlagt fagprøva på Årdalstangen bar veggen til Elkem Bremanger, der han kunne ta nok eit fagbrev gjennom det same opplærings-systemet. Dette fagbrevet kunne han gjennomføre på eitt år, grunna den kompetansen han hadde opparbeida seg i Årdal.

– Eg fekk kjempegod rettleiing frå PRO undervegs, og det var også dei som tipsa meg om moglegheiten til å ta det nye fagbrevet hjå Elkem, seier Øvstetun, som er svært godt nøgd med å ha vore ein del av PRO opplæringskontoret Sogn og Fjordane.

Inn på Y-VEI'en

Mange tenkjer at for å bli ingeniør må ein ta studiespesialisering på vidaregåande skule før

ein tek til på 3-årig Bachelorgrad for å verte ingeniør. Dette er berre delar av sanninga. Y-VEI (yrkesfagleg vei til ingeniør) er eit spesialtilpassa program for dei som har fagbrev i botn, og studiet vert gjennomført på vanleg normert tid (3 år).

– I samarbeid med PRO fann eg fram til dette studiet som eg går på no her ved Høgskulen i Telemark, Porsgrunn. På den tida var dette den einaste høgskulen med eit slikt tilbud, men no er det komne fleire til, seier Øvstetun.


Høgskulestudiet er lagt opp slik at det vert undervist ekstra i realfaga, medan dei grunnleggande emnefaga vert tilsvarende redusert, sidan kandidatane har ein fagleg ballast med seg inn i studiet.

– Eg har og høyrst at ingeniørar som har teke den praktiske veggen ofte er dei mest attraktive. Vi som har skrudd litt frå før, seier han med eit smil.

Ei framtid i Sogn og Fjordane?

Om framtida er Ørjan sikker i si sak: Han skal arbeide som ingeniør innan gass- og energiteknologi. Kanskje med ei mastergrad på toppen.

– Det verkar interessant å kunne ta ei mastergrad innan desse fagfelta, men då bør eg finne ei bedrift som er interes-



sert i å bruke meg i høve masteroppgåva, og då sjølv sagt vidare inn i ei fast stilling.

Førebels vert Ørjan Øvstetun verande i Grenlandsområdet, men kven veit? Kanskje kjem han attende med eit spennande masterprosjekt; interessant nok til at nokon vil ta deler av kostnaden?

– Det er absolutt mange interessante teknologimiljø i heimfylket mitt, avsluttar han litt kryptisk...

Teekay Petrojarl

Med olje i blodet

19 år gamle Nina Bye Svorkås frå Orkdal har valt oljen som si framtid.

Ho har valt ein yrkesveg som framleis er utradisjonell for jenter, men med ein far innafor oljebransjen er det ikkje ei ny verd Nina har kasta seg inn i.

– Eg var mest nervøs då eg skulle starte på vidaregåande og visste at eg kunne bli den

einaste jenta i klassen, men det gikk kjempefint, seier ho. Første året var prega av praktiske oppgåver som mekking og sveising. Andre året vart meir teoretisk med kjemi og fysikk.

To veker på - fire veker av

Arbeidsdagane på produksjonsskipet i Nordsjøen er lange. Det blir jobba i skift på 12 timar, den første veka er det dagskift

og den andre veka er det nattskift.

– Arbeidsoppgåvene handlar om å observere og overvake at alt er under kontroll; både inne ved ulike skjermar og ute for å sjå med egne augo at alt er som det skal vere. Det er viktig å vere vaken og på vakt, seier ho. – Fordelane med ein slik lærlingjobb er at eg får vere med på mange ulike arbeidsopp-



Vegen frå lærling til draumejobben

Berre fire år etter at han sjølv var lærling, fekk Joakim Andresen tittelen instruktør – for ein lærling. Rekordrask karriere, ettertrakta på jobbmarknaden og med draumejobben i sikte er fakta.

– Etter ungdomsskulen starta eg på GK Mekaniske fag. Ettersom mi sterke side dette året var elektro, vart eg råda til

raskt, og eg er svært nøgd med fagbrevet med bestått meget godt, seier han stolt. Då fagbrevet var i boks, vart det eitt år i forsvarret. Han fekk jobb i same bedrift som han hadde vore lærling, og etter eitt år i jobben fekk han ansvar for ein fersk lærling.

Spennande med rollebytte

Då var det godt å ha egne erfa-



å søkje på VK1 Elektromekaniske fag ved Malvik vidaregåande skule, fortel Joakim som gjerne deler erfaringane sine med andre i startgropa av utdanningskarrieren.

Lærlingtida unna i ein fart

Etter vidaregåande, i 2005, starta han som industrimekanikarlærling hjå Peterson Linerboard. – Dei to åra gikk utruleg

ringar friskt i minne. – Det var ei ny og spennande erfaring for min del, seier han og kommenterer samarbeidet mellom PRO og Peterson slik: – Eg kan ikkje svare på korleis oppfølging av lærlingar var før PRO kom inn i билетet, men no er det ingen tvil om at læreplan og førebuingar til fagprøve blir nøye følgt opp med minifagprøvar og møte.

Ulike kvardagar for lærlingane

Arbeidstilhøva på Ranheim gjer at lærlingane kjem like tett innpå andre arbeidarar som instruktørane sine. – Eg har vore i kontakt med instruktørar som ikkje jobbar på ein fast plass, men som køyrer rundt om i Trondheim på oppdrag. Desse kjem tettare innpå lærlingen sin, ettersom dei jobbar saman kvar dag. På Ranheim er vi alle samla i ein fabrikk, men det er sjølv sagt greitt at lærlingen har ein fast kontaktperson. På grunn av dette meiner

gåver, ulempa kan vere at ein føler ein har gløymt ein del etter fire veker på land. Men når ein kjem på jobb att, kjem ein fort inn att i systemet.

Planane vidare

I september 2011 er læretida over for Nina, og fagprøven står for tur. Så er det å jobbe nokre år, for deretter å kanskje ta ingeniørutdanning.

– Det beste med å vere lærling er at eg får verkeleg prøve meg i yrket samstundes som eg lærer, seier ho som ikkje har angra eit sekund på valet.

FAKTA:

PETERSON LINERBOARD:

- Peterson er leiande nordisk papir- og emballasjeleverandør for den europeiske marknaden
- Grunnlagt som krambod i Moss i 1801, deretter skipsfart og cellulosefabrikk, før dei i 1900 starta produksjon av papirseker. Dei styrka nordisk satsing i 1998 ved oppkjøp av finsk fabrikk. Fekk nye eigarar i 2006, og har no bedrifter i Norge, Danmark, Sverige og Finland
- Fabrikkar i Norge: Ranheim, Sykkylven, Moss og Sarpsborg
- 8 PRO-lærlingar innafor industrimekanikk, industri-rørleggjar og kjemiprosess www.peterson.no

eg at lærlingane på Peterson blir meir sjølvstendige, fordi vi kan sende dei ut i fabrikkens åleine, men samstundes veit dei at instruktøren eller andre ikkje er langt unna, dersom dei blir usikre på arbeidsoppgåvene eller tryggleiken rundt arbeidet.

EX-lærling med luksusproblem

– Kva med framtidsutsiktene dine?

– I haust fekk eg tilbod om ein skikkeleg god jobb som industrimekanikar, samstundes som det var opptak i Brann- og Redningstenesta i Trondheim. Eg fekk tilbod der også, seier han og syner dermed at med denne bakgrunnen kan ein ex-lærling få eit luksusproblem. – Eg valde brannmannjobben, seier han og røper at gjennom alle vala han har gjort har brannmannjobben vore eit mål. 1. oktober 2011 er det ein realitet. – Eg er spent på å utvikle meg innafor dette fagfeltet, avsluttar Joakim Andresen, som dermed er eit godt døme på at god lærlingerfaring kan opne opp for mange mulegheter.



Jorunn Kirketeig

– dagleg leiar

PRO opplæringskontor

– KVIFOR SKAL LÆRLINGAR VELJE PRO-BEDRIFTER?

I stallen "min" har eg mange spennande bedrifter som har opna opp for lærlingar, og som tek denne oppgåva seriøst. I 1997 starta vi med to bedrifter. I dag er vi over 30 bedrifter, som tek i mot dei 120 lærlingane vi har i systemet vårt.

Ein lærekontrakt med ei PRO-bedrift sikrar at du som lærling får fullført utdanninga, sjølv om bedrifta forsvinn. Vi tek ansvar med omplassering.

Medlemsbedriftene våre er industrimedlemsbedrifter som har teke i bruk høgt teknologi. Dei er tufta på tradisjon, bygd på stadige handverksfag, men frontar utvikling ved å ta i bruk ny teknologi.

Mottoet mitt er: "Utan dyktige fagfolk, forsvinn bedriftene." Dei bedriftene som set lærlingane i fokus veks på det. Dei bedriftene blir attraktive både for lærlingar og lettar rekruttering av ettertrakta arbeidskraft.

Medlemsbedriftene våre har skjønnt at står vi samla, får vi dobbelt att. Vi har mange konkrete døme på det, mellom anna; traileren "tenning på teknologi", faglege og sosiale møte mellom lærlingar og instruktørar.

For å vere i front og best, er det viktig med låg terskel for kontakt og tett dialog mellom alle parter.

Vi er opptekne av å vere på hogg, og vere med der det skjer. Difor har vi retta fokuset mot det spennande som skjer i industriskiltingene og på basen i Florø.

Vi startar eit nytt prosjekt som er verdt å sjekke ut, om du vil vere med. Kontakt oss for meir informasjon om FramtidsPRO.

Svaret på tittelen er då: – Lærlingar bør velje oss fordi vi ikkje firer på krava til kvalitet. Vi har fokus på at både lærling og bedrift skal få best mogeleg nytte av samarbeidet. Norsk næringsliv er avhengig av det.

Eg ser rett og slett lyst på framtida. Leiarar vil bli endå meir klar over at dei må sikre seg dei beste hovuda, for å utvikle og styre stadig meir avanserte maskiner. Du som ungdom er ettertrakta.

Eg avsluttar med å dele ei nyhende med lesarane: Den nye flotte sveiseroboten er no på veg inn i traileren. Til nytte for oss alle.

60 ledige læreplassar

pro



Vi tek inn lærlingar i faga:

Kjemiprosess, Laboratorie, Produksjonsteknikk, Industrimekanikar, Sveis, Plate, Automatisering, Elektrikar, Dataelektronikar, IKT-service, CNC-maskineringsteknikk, Logistikk, Bilmekanikar tunge kjøretøy, Kontor- og administrasjon, Salsfag, Industrisnikkar, Industrirørleggar, Motormekanikar.

Lærebedrifter:

BIS Høyanger, BIS Årdal, BIS Svelgen, Elkem, Ewos, Vik Ørsta, Vik Industrier, Solund Verft, Havyard, NorSun, Stryvo, Cermaq, Teekay Petrojarl, Peterson, Nesseplast, Førde Mekaniske Industri, WIS, WISS, ITM, Klausen, Eikefjord Mekaniske, Luster Mekaniske Industri, Nomek, ERAS, Utle Kjeldevatn, Jostedal Industrier, Hellenes, Solheim Diesel, SafeClean, PRO Opplæringskontoret, Sunnfjord Industri og Sveiseservice, Hagen.

Søknadsskjema på www.pro.sf.no

Søknadsfrist 1. mars.

Opplæringskontoret for  sress og mekanisk industri